

Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		25.11.2020
Fylkesutvalet		26.11.2020

Omklassifisering av ein gamal del av fv. 5190 Smøråsvegen i Bergen kommune

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek at fv. 5190 S1D10 m0 - m190 vert omklassifisert til kommunal veg.
2. Før vegen vert overlevert til Bergen kommune skal den tilfredsstille tekniske krav i veglova og tilhøyrande retningslinjer. Løyving til eventuelle vedlikehaldstiltak vert å finne innanfor fylkesvegbudsjettet.

Samandrag

Saka gjeld omklassifisering av ein gamal del av fv. 5190 Smøråsvegen i Bergen kommune.

Fylkesrådmannen har vurdert at strekninga i dag har ein funksjon som tilseier at den er ein tilkomstveg til bustader, og at det difor er naturleg at denne vert omklassifisert til kommunal veg etter grensedraginga mellom kommunale og fylkeskommunale vegar. Med bakgrunn i saka vil fylkesrådmannen tilrå fylkesutvalet å vedta at fv. 5190 S1D10 m0 - m190 vert omklassifisert til kommunal veg etter veglova § 7.

Fylkesrådmannen føresett at ein omklassifisering av fylkesvegen samsvarar med veglova § 7, og at dei tekniske krava gitt i NA-rundskriv 97/13 er innfridd før vedtaket trer i kraft og fylkesvegen blir overlevert til kommunen. Det bør difor gjennomførast synfaring med Bergen kommune for å avklare eventuelle reparasjonar etter NA-rundskriv 97/13.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift


Vedlegg

- 1 NA-rundskriv 97/13
- 2 Svar fra Bergen kommune på høring av forslag til omklassifisering av gammel del av fv. 181 Smøråsvegen

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Som følgje av utbygging etter reguleringsplan er ein del av Smøråsvegen lagt i ny trasé. Reguleringsplanen har plan-ID 17630000, og har følgjande namn: *FANA. GNR. 87 OG GNR. 88, FV. 181 SMØRÅSVEGEN ØVRE DEL.*




Figur 1: Oversiktskart over området der den gamle delen av vegen og aktuell reguleringsplan ligg.

Historikk og dagens situasjon

I den nemnde reguleringsplanen er det stilt rekkefølgjekrav til utbetring av den øvre delen av Smøråsvegen før utbygging.

Vegen er nå lagd om, og den gamle traséen som er omtalt som VEG 3 i reguleringsplanen har ein funksjon som tilkomstveg til bustader. Delar av den gamle fylkesvegtraséen er òg bygd som gangveg med trapper mellom VEG 3 og ny fylkesveg. Den nye fylkesvegtraséen har overtatt store delar av funksjonen som den gamle vegtraséen tidlegare hadde.

VEG 3 og gangveg er regulert som offentleg veg, og har i dag status som fylkesveg. Det er vurdert at dagens funksjon tilseier at det bør gjennomførast ein omklassifisering til kommunal veg.



Figur 2: Utklipp av aktuell reguleringsplan med forklaring på ulike moment.

Informasjon om aktuell strekning

Sidan starten av omklassifiseringssaka har vegen endra vegreferanse som følge av endra vegnummer og nytt vegreferansesystem.

Dagens vegsystemreferanse for strekning som omklassifiseringa gjeld for:
Fv. 5190 S1D10 m0 - m190

Den siste vegreferansen som var gjeldande før dagens vegsystemreferanse:
Ft. 5190 hp1 m0 - m190

Saksgang og vedtaksmynde

Saksgang i samband med omklassifisering av fylkesvegen følgjer veglova § 7.

§ 7. Etter at fylkeskommunen - i Oslo kommunen - har uttala seg, kan departementet gjøre vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg.

Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjøre vedtak om at fylkesveg skal leggast ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjøre vedtak om at kommunal veg skal leggast ned.

Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikke settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærmere retningslinjer gitt av departementet.

Grensedraging mellom kommunale og fylkeskommunale vegar

Til orientering blir det brukt gjeldande kriterium for grenseddraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar når det er behov for å skilje mellom desse vegane.

Gjeldande kriterium for grenseddraging mellom fylkeskommunale og kommunale vegar går fram av Samferdselsdepartementets brev til fylkeskommunane i brev av 26. mars 1985:

- «a. Storbyer/byer (over 5000 innbyggjarar) Grensen mellom fylkesvegar og kommunale vegar vert trekt mellom samlevegar og adkomstvegar slik disse er definert i vegnormalene
- «b. Mindre tettstadar (opp til 5000 innbyggjarar) Fylkesvegar i tettstader opprettheld si klassifisering i sjølve tettstaden fram til kryss med riksveg eller fylkesveg, eller kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilstasjon, eller kai av regional betydning
- «c. Spreidtbygde - / grisgrendte områder Ein fylkesveg skal ha et befolkningsunderlag på minst 50 personer. Fylkesvegen skal føres fram til kontakt med jernbanestasjon, flyplass, rutebilstasjon, eller kai av regional betydning.


For storbyar og byar siktas det her til de områder som vert avgrensa til tettbygd område. Andre deler av vegnettet i disse områda vert vurdert som i spreidtbygde område.»

I den tidlegare utgåva av handbok N100 kap. A.4 er samlevegar og tilkomstvegar definert slik:

«Samleveger er forbindelsesveger mellom for eksempel boligområder eller bydeler, og bindeledd mellom atkomstveger og øvrige hovedveger. Disse vegene har en oppsamlings - og fordelingsfunksjon. Atkomstveger gir atkomst til boligområder, fritidsaktiviteter, industriområder eller lignende.»

Tettleik av bygningar i området

Heile delen av tidlegare trasé for fv. 5190 Smøråsvegen ligg i tettbygd område med over 5000 innbyggjarar ut frå kart til Statistisk sentralbyrå over tettstader for 2020. Etter grenseddraging mellom kommunale og fylkeskommunale vegar er det dermed punkt a. som vil vere gjeldande.



Figur 3: Kartutsnitt frå Statistisk sentralbyrå (kart.ssb.no). Dei mørkegrå områda er definert som tettstadar i 2020.

Synfaring, naudsynte reparasjonar, NA-rundskriv 97/13 og andre opplysningar relatert til saka

Det er ikkje gjennomført synfaring av fv. 5190 S1D10 m0 - m190 i samband med omklassifiseringssaka. Strekninga må oppfylle dei tekniske krava nemnt i veglova § 7 fjerde ledd for at eit vedtak skal vere gjeldande. Ein føresetnad for omklassifisering vil vere at dei tekniske krava gitt i NA-rundskriv 97/13 er tilfredsstilt, og at dei manglane som eventuelt kjem fram ved ei synfaring blir utbetra etter NA-rundskriv 97/13. Vidare må det for fylkesveg vere fatta vedtak av riktig vedtaksmynde etter veglova § 7 andre ledd. Løyving til kostnadar for eventuelle reparasjoner vert å finne innanfor fylkesvegbudsjetten.

Bergen kommune er hørt i saka med svar datert den 20.08.2019. Her skriv dei mellom anna:

«Det kan virke fornuftig og riktig å foreta en slik fordeling nå. Vegomleggingen er ferdigstilt i henhold til rekkefølgekrav i reguleringsplanen. Veg 3 i reguleringsplanen er regulert som offentlig veg, adkomstveg til bolig, og danner forbindelse mellom to offentlige veger. I tillegg gangvegforbindelse. Dette forslag til omklassifisering, av gammel del fylkesveg til kommunal veg, kan vi anbefale. Vi regner med at det blir avholdt befaring og at teknisk standard blir opparbeidet etter regelverket. Formell overtaking blir avholdt etter nærmere avtale.»

NA-rundskriv og svar på høyring frå Bergen kommune er lagt ved saksframlegget som vedlegg.

Vedtakskompetanse

Veglova § 7

Fylkesutvalet har mynde til, etter innstilling frå hovudutval for samferdsel og mobilitet, å uttale seg om omgjering av riksveg eller å gjere vedtak om nedlegging eller omgjering av fylkesveg.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Omklassifisering av veg vil ha innverknad på kostnadar knytt til drift- og vedlikehald, og kostnadar knytt til forvaltning av infrastruktur og eigedom relatert til veg. Også kostnadar kytt til grunneverb kan komme ved endring av veghaldar. Vidare kan det gi endringar i rammetilskot sidan eit kriterium for rammetilskot er delvis basert på talet av den totale mengde med kilometer fylkesveg som fylkeskommunen har. Det vil bli ei eingongsutgift for eventuelle reparasjoner av fylkesvegen etter gjeldande krav i NA-rundskriv 97/13.

Klima: Ikke relevant

Folkehelse: Ikke relevant

Regional planstrategi: Ikke relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen kan sjå at den gamle delen av fv. 5190 Smøråsvegen ikkje lenger har ein funksjon som tilseier at strekninga skal ha status som fylkesveg. Det er difor vurdert av fylkesrådmannen at det vil vere grunnlag for omklassifisering av strekninga.

I høve til gjeldande grensedraging mellom kommunale og fylkeskommunale vegar skal vegen bli vurdert etter punkt a. i grensedraginga. Slik fylkesrådmannen vurderer strekninga har den i dag fått ein funksjon som tilseier at den er ein tilkomstveg til bustader, og at det difor er naturleg at denne vert omklassifisert til kommunal veg etter grensedraginga mellom kommunale og fylkeskommunale vegar.

Med bakgrunn i saka vil fylkesrådmannen tilrå fylkesutvalet å vedta at fv. 5190 S1D10 m0 - m190 vert omklassifisert til kommunal veg etter veglova § 7.

Fylkesrådmannen føresett at ein omklassifisering av fylkesvegen samsvarar med veglova § 7, og at dei tekniske krava gitt i NA-rundskriv 97/13 er innfridd før vedtaket trer i kraft og fylkesvegen blir overlevert til kommunen. Det bør difor gjennomførast synfaring med Bergen kommune for å avklare eventuelle reparasjoner etter NA-rundskriv 97/13.